

Tips til spørsmål og kommentarar som stimulerer matematisk tenking

Matematiske samtalar i barnehagen

Formål	Eksempel på spørsmål/kommentarar
<p>Å starte ein samtale omkring eit bestemt tema/fenomen eller ei problemstilling.</p> <p>Problemstillingar å ta utgangspunkt i, kan eksempelvis vere knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - tur i uterommet (Kor mange termosar treng vi? Kor langt er det til bålplassen?) - kunstnarisk aktivitet (Korleis klippe nebb på kyllingen? Korleis lage eit mønster?) - eventyrstund (Er alle like her?) - bruk av appar (Korleis betale i butikkspelet?) 	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi tenke omkring dette? - Korleis kan vi finne det ut? - Har nokon ein ide om korleis vi kan begynne? - Kva trur de vil komme til å skje? Har vi gjort/sett noko liknande før? Så du seier at... - Nå må vi tenke saman her ... - Nokon som har ein annan ide?
<p>Å bringe samtalen vidare, gi barna tru på si eiga tenking og klargjere barna sin tankegang.</p> <p>Nokre gongar kan det vere vanskeleg å forstå kva barna seier eller meiner. Dei kan tenke og resonnerer godt, men det kan vere utfordrande å sette ord på eller å vise tankane sine. Vaksne kan klargjere bidrag frå barna ved sjølv å seie den ytringa ho trur barnet meinte å seie. På denne måten blir innhaldet i innspelet frå barnet løfta fram, og den vaksne bekreftar at ho har høyrte og forstått.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Kvifor trur du at det er slik? - Er det alltid sånn? Verkar det kvar gong? - Kva skjedde nå? - Kva om vi ...? (snur han opp ned, gjer det baklengs, tar ein til, hentar ein som er større, byter form osv.) - Kva skjer dersom vi endrar på den... eller den? - Kan nokon gi eit eksempel på ...? - Korleis kan vi vite at ...? - Kva er likt og kva er forskjellig her? - Meinte du ...? - Nokon som kan seie det på ein annan måte ...?
<p>Å utvide situasjonen ved å oppmuntre barna til å gjenta tankegangen sin eller å invitere barna inn i kvarandre si tenking.</p> <p>Gjennom at den vaksne eller andre barn gjentar idear og omgrep fleire gongar og på ulike måtar, får barna betre tid til å fordøye dei. Gjentakningar gjer at det språklege vil feste seg betre, og at barna lettare klarer å følge med på det som skjer. Barna blir vidare oppmuntra til å lytte til kvarandre sine bidrag, og opplever dermed at ulike tankemåtar heng saman.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Kan du seie det ein gong til? Kan du vise det ein gang til? - Kan du seie litt meir om det ...? - La oss tenke litt saman nå ... - Er det nokon som vil seie litt meir...? - Tenkte de alle saman sånn som Petter? - Var det nokon som tenkte på ein annan måte? - Kan vi finne det ut på ein annan måte? - Er du einig/ueinig?
<p>Å oppmuntre barna til å tenke gjennom korleis resultat kan dokumenterast gjennom papir, bilde, teikningar, klassar og anna.</p> <p>Ei oppteljing kan gjerne støttast av teljestrekar, eit hus av klossar kan teiknast på papir, eller vegen til bålplassen kan representerast gjennom eit kart.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi skrive eller teikne for å finne det ut? - Korleis kan vi hugse dette? - Her er penn og papir, kva vil de skrive for å hugse betre? - Kan du vise det du fann ut med legoklossar (eller andre klossar, eller ei teikning)?

